



Årsrapport 2024

Organisering

Formål

Seljord Frivilligsentral vart stifta i 2008 og har dette som formål:

Seljord Frivilligsentral skal bidra til å styrke og koordinere den frivillige innsatsen i Seljord kommune. Den skal vera bindeleddet mellom menneske, lag og organisasjonar som ynskjer å yte ein frivillig ubetalt innsats i lokalsamfunnet. Og vera samhandlingsarena for frivillig verksemd og støttespelar for eit godt og levande lokalmiljø. Den skal også stimulere til auka deltaking av grupper og einskildpersonar som ikkje nyttar andre eksisterande tilbod og vera inkluderande for alle. Frivilligsentralen skal vera pådrivar for å sette i gang tiltak for frivillig arbeid, i samhandling med andre lag og offentlege instansar.

Om Seljord Frivilligsentral

Seljord Frivilligsentral er ein ideell organisasjon som har aktive frivillige og eigne aktivitetar, og i tillegg legg til rette for og støtter opp andre frivillige aktivitetar i Seljord kommune. Sentralen er tilknytt Bruktbui som drivast av frivillige. Til forskjell frå andre frivillige organisasjonar kan det settast av meir tid til organisering og leiing av frivillig arbeid på grunn av den offentlege støtta som Seljord Frivilligsentral får frå både stat og kommune. Dette gjer Frivilligsentralen til eit kraftsenter i lokalmiljøet, og gjer det mogleg å utvikle tilbod basert på lokale ynskjer og behov i samarbeid med lokale frivillige og organisasjonar. Frivilligsentralens målgruppe er alle innbyggjarar og frivillige i Seljord kommune.

I 2023 fekk me ein medlemsgruppe med representantar frå nokre av kommunens frivillige organisasjonar. Organisasjonane er vald ut frå eit ynskje om å rekke over flest mogleg målgrupper. Alle medlemmane har ein representant i valnemnda. Uansett eigarform er det ein forutsetning at eigar/medlemsgruppe gir sentralen størst mogleg grad av sjølvstyre.

Bruktbui
Seljord Pensjonistlag
Seljord Røde Kors
Seljord Idrettslag
Seljord Kommune

Styret

I 2024 var det 6 styremøte og 1 årsmøte. For 2024 har styret bestått av:

Tellef Solås (2 år) styreleiar for 1 år
Solveig Lia (1 år)
Esther Haugan (1 år)
Asbjørn Storrusten (1 år)
Kåre Rune Mossing (2 år)

Vara for styret:
1. Terje Øverland
2. Trond Johnsen
3. Maria Fremmerlid

Valnemnda

Valnemnda består av representantar for medlemmane, og det er Seljord kommune (ordførar) som er leiar. I 2024 har den bestått av:

Ordførar	Solveig Sundbø Abrahamsen, leiar for valnemnda (1 år)
Seljord Idrettslag	Ingvild Haugerud Øverland (1 år)
Seljord Røde Kors	Karianne Firingen Skori (1 år)
Seljord Pensjonistlag	Inger Johanne Uvdal Kaasa (2 år)
Bruktbui	Turid Bringsås (2 år)

Tilsette

Dagleg leiar	Rikke Christine Roseng (100% stilling)
Koordinator BUA/assistent	Ragnhild Lindtveit (50% stilling)

Telegrafan Café er arbeidsplass for ein person frå Idea Kompetanse.

Dagleg leiar skal stimulere til og organisere samarbeid mellom sentralen, frivillige organisasjonar og enkeltpersonar. Dagleg leiar har ansvar for dagleg leiing av sentralen, og å iverksette vedtak, ta initiativ til innføring av nødvendige rutinar, og opplæring og rettleiing av frivillige. Dagleg leiar har ansvar for budsjett- og regnskapsoppfølging, i tillegg til nødvendige rapportar internt og eksternt, samt personalansvar. Dagleg leiars oppgåver må vere i tråd med NFS' og Seljord Frivilligsentrals vedtekter og retningslinjer. Dagleg leiar bør delta på aktuelle møter og kurs, og gjere seg kjend med lokalsamfunnet og dei aktuelle synspunkta og debattane som er relevante for Frivilligsentralen både lokalt og nasjonalt.

I 2024 har dagleg leiar deltatt på årsmøte i Noregs Frivilligsentralar, fleire nettverksmøter i Vest-Telemark, eit nettverksmøte for nettverksleiarar, og Frivillighetsdialogen 2024.

Lokalar

Seljord Frivilligsentral leigar lokalar av Seljord Elektriske Eigedom AS, og har ein leigeavtale fram til 2030. Delar av lokala (kafé og møtelokale) leigast ut av Frivilligsentralen til lag og organisasjonar, og også til privatpersonar.

Samarbeidsavtale med Seljord kommune

Seljord Frivilligsentral har eit godt samarbeid med Seljord kommune. I 2023 utvikla me ein ny samarbeidsavtale som inkluderer at frivillige lag og organisasjonar i Seljord kommune kan leige lokala gratis. Me opplever at dette er særskild viktig for vidare drift og aktivitet i små frivillige lag og organisasjonar, og i tillegg styrkar den Frivilligsentralens nettverk og omdømme.

Utvikling av sentralen

Seljord Frivilligsentral er i ein prosess med å utvikle seg til å bli eit ressurscenter for frivillige lag og organisasjonar i staden for å ha hovudfokus på eigne aktivitetar. Dette er for å unngå å vere konkurrent til alt det frivillige arbeidet og engasjementet som finns i heile kommunen. Utviklinga har skjedd, og skjer, i samtale med Seljord kommune, Noregs Frivilligsentralar, og Frivilligsentralar i Telemark og Agder.

Fokusområde og aktivitet i 2024

Som tidlegare har me prioritert å arbeide med tilbod for barn og unge, unge vaksne, og vaksne innvandrarakar. Dette fortsett me også vidare, og er eit ynskje frå både kommune og innbyggjarar.

Faste aktivitetar

I løp av året har Frivilligsentralen hatt faste aktivitetar på huset i regi av dei frivillige og den som har arbeidsplass frå Idea kompetanse. Dette er aktivitetar som styrer seg sjølv.

Handverkskafé

Kvar måndag har det vore samling for handverksinteresserte i lokalane til Telegrafens kafé. Mengda deltakarar med innvandrarbakgrunn har heldt



seg stabil, og det er me glade for. Noko av utstyret og materialane som er brukt blir sponsa av Frivilligsentralen mot at det som produserast kan seljast på jolemesssa nær jol. I 2024 fekk me inn litt over 25 000 kroner under jolemesssa på å selge strikka produkter, kaker, jolegraut og sveler. Denne summen har heldt seg stabil dei siste åra. Dei frivillige er engasjerte og inspirerte til



å helde fram med dette prosjektet også i 2025.

Torsdagsmiddag

Kvar torsdag har det vore servert heimelaga middag i kafélokala. Arrangementet gjennomførast av personen som har arbeidsplass frå Idea kompetanse og ein fast frivillig. Besøkande gjeng litt opp og ned, men fast ventast mellom 3 til 5 personar - omtrent det same som i 2023.

Gubbeklubben

Kvar fredag har det vore samling for alle gubbar i Seljord. Her møtast mellom 10 og 20 stk. for ein god prat og vaflar. Deltakarane seier sjølv at det er vanskeleg å ikkje vere i godt humør når dei har vore innom. Gubbeklubben bidreg også inn i sentralen – dei hjelper til med vaktmesteroppgåver, som å skifte lyslør, eller fikse møblar og anna inventar. Arrangementet er populært.



Frivilligsentralen som ressurscenter

Søknadsskrivehjelp

I 2024 har dagleg leiar hjelpt desse med søknadsskriving og/eller rapportering (utan å vere aktiv i sjølve prosjektet): Langlim Grendelag, Seljord Revygruppe, Barnas Turlag, Verksta'n Seljord, Vefall/Brekke Grendelag, Mjølkerampa ungdomshus, Seljord seniordans.

Samarbeidspartnar

I 2024 har frivilligsentralen hatt samarbeid med forskjellige grupper og organisasjonar for å både fortsette og sette i gong prosjekt.

Babysong og småbarnstrall

Samarbeid med diakonen i Seljord kyrkje. I 2024 fekk me støtte frå både Seljord kommune og Sparebankstiftelsen DNB for å fortsette dette prosjektet. Dette gjorde at me kunne ha 10 treff i løp av året, inkludert ein kursdag med folkemusikar og songpedagog Veslemøy Fjerdingstad, heilt gratis for deltakarane. Førsette med barn mellom 0 – 5 år har møttast ein onsdag i månaden og sunget saman med diakonen. Frivilligsentralen har stått for gratis lunsj, og utgifta har blitt delt mellom Seljord kyrkje og Frivilligsentralen. Arrangementa har vore vellykka, og me er stolte av at familiar frå fleire kulturelle bakgrunnar har deltatt.



Ein smak av Ukraina

Samarbeid med avdeling for integrering og vaksenopplæring. Frivillige ukrainarar laga og serverte tradisjonell ukrainsk mat på Frivilligsentralen fire gonger. Målet var å bidra til at fleire kunne bli kjent på tvers av kultur og landegrenser, samtidig som ein prøvde god mat. Fleire ukrainarar bidrog, og dei var stolte over å kunne vise fram kulturen deira gjennom mat, musikk og kulturelle normer. Prosjektet var særst vellukka, men dei frivillige brukte mykje tid og krefter på å lage mykje forskjellig type mat kvar gong. Dette gjorde at dei mot slutten av prosjektet var slitne, og det er klart at det ikkje hadde vore berekraftig om ein hadde fortsett dette som eit fast prosjekt. Midlane generert av prosjektet er øyremerka til andre prosjekt med same målgruppe.



Ukrainakafé

Etter suksessen med Ein smak av Ukraina ville avdeling for integrering og vaksenopplæring fortsette prosjektet som ein kafé til ukrainarar og gje dei ein møteplass. Diverre vart ikkje tilbodet populært og vart avslutta. Midlane er framleis øyremerka for framtidige prosjekt.

Mjølkerampa ungdomshus

I 2022 fekk Frivilligsentralen 140 000,- frå Sparebankstiftelsen DNB for å opprette eit etter skuletid-tilbod. Desse midlane vart omdisponert til bruk i Mjølkerampa ungdomshus, og i 2024 overførte me heile summen og leverte endeleg rapport. I tillegg var dagleg leiar og andre frå Frivilligsentralen frivillige under opninga av ungdomshuset hausten 2024.

Trivselsgruppa

I 2022 fekk den nyoppstarta frivilliggruppa “Trivselsgruppa” prosjektmidlar frå Seljord kommune. Formålet med gruppa er å drive humanitært arbeid, bidra til auka trivsel og motvirke einsemd. Gruppa brukar det meste av kapasiteten på Steinmoen, Nesbukti og Nestunet. Frivilligsentralen har ein samarbeidsavtale med Seljord kommune og Trivselsgruppa og fører rekneskapen og hjelper til med andre digitale oppgåver. Sentralen har midlane ståande på ein eigen konto, og Trivselsgruppa har sjølv råderett over midlane. Både sentralen og Trivselsgruppa er nøgd med samarbeidet.

Innsats for andre

Eit samarbeid med Seljord Ungdomsskule og faget “innsats for andre”. Frivilligsentralen har reklamert og satt dei i kontakt med personar som ynskjer hjelp til småjobbar i Seljord sentrum. Dette kombinera me med å administrere facebookgruppa «småjobbar i Seljord kommune».

Stolpejakten

Etter initiativ frå ein privatperson fekk han ansvar for å opprette og drive Stolpejakten i kommunen, organisert under Frivilligsentralen. Prosjektet fekk midlar både frå kommunen og SparebankenDIN. I 2024 hadde me mest stolpar i sentrum, med ynskje om å utvide stolpeplasseringane dei neste åra. Tiltaket har vore populært.

Anna bruk av lokala

Lions Vest-Telemark

Lions Vest-Telemark starta opp mot slutten av 2024 med Frivilligsentralen som hovudkontor. Organisasjonen skal dekke heile Vest-Telemark. Me ser fram til eit godt samarbeid vidare i 2025.

Bridgeklubben

Kvar torsdag har Bridgeklubben hatt samling på frivilligsentralen. Klubben sier sjølv av oppmøtet er bra, og at dei er nøgde med lokala. Samarbeidsavtala mellom frivilligsentralen og Seljord kommune har gjort det lettare økonomisk, og har vore med på å sikre vidare drift av klubben.

Association Mpore Mama

AMM hadde klesutdeling (baby- og barneklær) i våre lokalar oktober 2024.

NFF

Øvre Telemark lokallag av Norges fibromyalgiforbund har hatt forskjellige aktivitetar for medlemmer kvart møte, ein gong i månaden.

Matgruppa

Ein gruppe møtast ein gong i månaden og lager sunn middag saman.

Lesesirkel

Ein gruppe møtast ein gong i månaden og diskuterer bøker.

I tillegg til å leige ut lokala gratis til desse gruppene har Frivilligsentralen leigd ut lokala til privatpersonar i løp av 2024.

Andre prosjekt

BUA Seljord

I 2024 fekk me ein ny samarbeidsavtale med Seljord kommune om å etablere og drifte eit utstyrsbibliotek i lokala til Frivilligsentralen. Me blei medlemmar av BUA-nettverket (BARN-UNGE-AKTIVITET) som har utvikla verktøy og tenester som skal gjere det enklare å drive utlån av sports- og friluftsutstyr. «Hjørne»-lokala på Frivilligsentralen vart oppgraderte i løp



av våren og sommaren, og i løp av hausten fekk me inn ein koordinator i 50% stilling og møblerte lokala, samt planla og gjennomførte innkjøp av utstyr. Opninga av sjølve BUA var 14. februar 2025. Til prosjektet fekk me midlar frå Seljord kommune (5 års avtale), Sparebanken Sør, Sparebankstiftelsen DNB, Sparebankstiftinga Seljord og Toyota Seljord. For midlane frå Toyota Seljord var me med på dekkskiftskampanjen deira hausten 2024.



TV-aksjonen 2024

Frivilligsentralen sit i aksjonskomiteen som bøsseberar- og kartansvarleg. Arrangementet vart gjennomført 22. oktober med godt resultat. Bøsseberarane samla saman heile kr. 85 444 i kontantar på sjølve dagen. Totalt vart det samla inn kr. 260 864 – ein auking på nesten kr. 40 000 frå 2023. Frivilligsentralen fekk god hjelp frå ein engasjert frivillig til noko administrering. Me håpar at den frivillige fortsett i 2025. Det er ein utfordring å finne bøsseberarar, dette er ein trend fleire stader i Noreg.



Nettverk Vest-Telemark

Dagleg leiar tok på seg vervet som nettverksleiar for Nettverk Vest-Telemark. Nettverket er ein viktig arena og ressurs for frivilligsentralane i Vest-Telemark. Medlemmane i nettverket er Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid og Seljord. På hausten gjennomførte me ein fagdag



der me inviterte fleire Frivilligsentralar (Hjartdal, Bø, Tinn og Notodden). Ellen Dale kom for å prate om Frivilligsentralanes bindeleddsfunksjon, med eksempel frå Tromøyas utvikling frå aktivitetshus til bindeledd og moglege fordelar/ulempar med denne utviklinga.

Tromøyas endringsprosess vart dokumentert og utgitt i forskingsrapporten [«Frivilligsentralen – fra aktivitetshus til bindeledd i lokalsamfunnet? En casestudie fra Tromøy Frivilligsentral»](#) utgitt i 2021. Dale baserer seg også på anna forskning, bl.a. Håkon Lorentsens rapport [«Frivilligsentralen i nærmiljøet: Konkurrent eller katalysator?»](#)

Fagdagen gav meirsmak, og me vil få til liknande fagdagar i 2025.



Anna

- Seljord Frivilligsentral har 2 syklar til bruk på Nesbukti pleie- og omsorgssenter, og Steinmoen omsorgssenter.
- I løp av 2024 har me hatt fleire sosiale treff med dei frivillige som har blitt kombinert med informasjonsmøte.

Avsluttande ord

Sentralen har knytta fleire band og fått fleire kontaktar i andre lag, organisasjonar, gruppar og bedrifter. Me har aktivt brukt sosiale media for å få ut informasjon, bl.a. ein vekesplan som oppdaterast kvar veke på Facebook, Instagram, og vår eigen heimeside.

Ei stor takk til alle frivillige, brukarar, organisasjonar, lag, foreiningar, Seljord kommune mm. for eit godt samarbeid i 2024!

Seljord 07.04.25

Rikke Christine Roseng
Dagleg leiar